



Ard arealplan AS
Domkirkegaten 3
5017 BERGEN

Dato: 29.05.2015
Vår ref.: 2015/4653-6
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.:

Fråsegn til mindre endring av reguleringsplan for Austmarka Øvre - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 28. april 2015 med varsel om mindre endring av reguleringsplan for Austmarka øvre. Hovudføremålet med endringa er å endre rekjkjefølgjeføresegnene slik at det ikkje vert krav til etablering av alle vear, gangvegar og fortau samt undergang, før igangsettingsløyve til bustader i feltet.

Hordaland fylkeskommune vurderer varslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Relevante planfaglege innspel

Foreslått endring av reguleringsplan har store konsekvensar for trafikktryggleik og mjuke trafikantar og kan ikkje handsamast som mindre endring.

Samferdsel, folkehelse og barn og unges interesser

Det er særstakt viktig å sørge for at mjuke trafikantar blir ivaretatt ved eventuelle endringar av eksisterande plan. Gangbrua over fylkesvegen har i dag ikkje direkte tilkomst til regulert busstopp. Ved foreslått endring av reguleringsplan vil situasjonen for dei mjuke trafikantane ikkje vere tilfredsstillande når det gjeld tilkomst frå bustader til busstopp. Det er uklårt korleis foreslått endring påverkar tilkomst frå nye bustader til skule og nytt næringsområde.

Tiltakshavar må konferere med Hordaland fylkeskommune/ Skyss med omsyn til framtidige løysningar for kollektivhaldeplassar/ kollektivtrafikk i planområdet.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har ingen merknad til planendring i høve kulturminne.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Foreslått endring av reguleringsplan kan ikke håndsamast som mindre endring av omsyn til trafikktryggleik og mjuke trafikantar. Nytt planforslag må vise trygg tilkomst mellom nye bustader og busstopp, skule og næringsområde.

Marit Rødseth
plansjef

Anne-Kathrine Vabø
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kjetil Sigvaldsen, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest

Radøy kommune